

Jesus i Egypt

Ei forteljing om flyktningar ved Ivar Husdal

*” og der
vart han
verande til
Herodes
døydde.
Såleis
skulle det
oppfyllest,
det ordet
Herren har
tala
gjennom
profeten:
Frå Egypt
kalla eg
son min.”.*

Mat, 2, 15

Bokside frå 1409
”Flukten til Egypt” av
Brødrene Limbourg
Bilete visar kva som
hende då dei kom til
Babylon (gamle Kairo)

Ein finn om lag 100
bilete frå renessansen
som viser flukten til
Egypt. Alle visar dei god
kunnskap om gamle
legendar



Bibelen fortel lite om den tida Jesus var eit flyktningbarn i Egypt. Denne forteljinga her bygger på det patriarken i Alexandria, Tehophilus skreiv ned omkring år 410 om opphaldet i Egypt. Forteljingane er ennå etter 1600 år ein levande tradisjon og tru blant kristne i Egypt. Årleg reiser hundretusen ja kanskje millionar på pilegrimsreise til stader langs flyktningsruta. Denne tradisjon er ukjent i Noreg og difor vil eg på ei pilegrimsreise til Øvre Egypt i november 2004 gjera eit opphald i Kairo. Der kan eg lære meir om tru og tradisjonar omkring julehelga for dei om lag 10 millionar kristne som bur i Egypt i dag. Det er ikkje lett å formidle andre sine trusopplevinger. Difor vil eg her bruke mine eigne ord og skrive det som om det var ei flykningsoge frå år 2000.

”Han stod opp, og same natta tok han barnet og mora og fór til Egypt”

Mat 2.14

Jean Millet ”Flukta til Egypt” 1870



I mørkret er alle flyktningar grå og bilete skildra flyktningar gjennom alle tider. Ut i marka ved Betlehem fann Josef eselet sit og familien byrja den lange reisa til Egypt gjennom Gaza og vidare inn i den nordre delen av Sinaiørknen. Les og Selma Lagerløf sin vakre novelle ”Flukten til Egypt”. Den bygger på soger ho høyrde i Egypt 1899/1900.

Då dei nådde Nilen fekk Maria bade Jesus og vaske kler. Staden heiter no Mosrod (badeplassen) og kyrkja som står over staden no er frå år 1200. Familien vona på at dei kunne følge seg trygge der, men så blei det ikkje. Folk i området lika ikkje flyktningar og desse som kom frå aust var så ulike dei langs Nilen. Dei gjekk vidare mot syd mot det som no er Kairo men måtte dei snu 5 mil frå byen og gå nordover att. Kanskje var dei truga med eit uttrykk som diverre ikkje er ukjent for oss. ”Dei skulle vore kjeppjaga herifrå”. I byen Belbeis blei dei godt motteke. Og treet dei kvilte under blei kalla ”Jomfru Marias tre” No er det ei kyrkje der. Folk i landsbyane dei gjekk i gjennom var ikkje vennlege men etter dei tok ei ferje over Nilen blei dei varmt motekne i byen Meniet. Som takk er byen velsigna med ei sikker og god vasskjelde. Ferda gjekk vidare gjennom elvedeltaet mot nordvest. Her blei dei teken vennleg imot, men ikkje i alle landsbyar. Om den familien hadde kome til Noreg som flyktningar i dag. Hadde vi teke betre imot dei? Mange held seg nok litt på fråstand overfor flyktningar frå Midtausten. Om denne familien kunne det ha vore sagt. ”Han Josef er den mest sta mannen ein kan tenke seg og når han no er komen hit bør han rette seg etter lande sine skikkar, og ho der Maria går med skaut støtt og er berre oppteken av den guten sin, akkurat som det skulle vera noko spesielt med han”.

I byen Saka sette Jesusbarnet av ei fottrykk i ein stein. Den steinen var bortkomen i mange hundre år, men attfunnen for omkring 15 år sidan. Eit av dei mange under som blir fortalt om i Egypt frå våre dagar. No har vi lett for å smile av alle vakre legender, men vi må ikkje gløyme vår eige søge. Runt omkring i Noreg finn ein mange minner etter Heilag-Olav, mest kjelder. For 500 år sidan var dette ein del av ei levande tru, No har vi erstatta mesteparten av det heilage i kvardagen med ”sunn skepsis”.

Frå Nildeltadet tok Josef vegen sydvestover mot slekt i Natrondalen. Då Davids ætt skulle skrive seg inn i manntal i Betlehem var det som eit stort slektsstevne. Josef hadde fyrst planar og gå mot Heliopolis nær det som no er Kairo Der var det ein stor jødisk koloni med eigen synagoge. Men som vi høyrde måtte han snu 5 mil frå byen og gå til Natrondalen. I salt leiene det vant dei ut natron og soda for ”heile verda”. og der var det og handelsmen frå Davids ætt. Frå den dalen kjem namnet Natron på dette som no står i alle kjøkkenskap. Familien blei ikkje lenge der fordi den brennande sola ved saltleiene var ikkje noko god plass for eit lite barn. Seinare blei Natrondalen eit av dei store sentra i tidleg kristendom. På det meste var det 50 kloster der. No er det berre 4 kloster att. På nytt tok Josef vegen sydover mot Kairo, no på vestsida av Nilen. Det er teikna og måla tusener av bilete med og utan glorie av flukta til Egypt. Eit av beste etter mi meining er av Rembrandt.



”Flukten til Egypt” Rembrandt van Rijn 1660

Vi ser her Josef, Maria og Jesusbarnet på veg mot ein tryggare stad, så slitne, så slitne. Framme ved den store jødiske kolonien i Heliopolis fant dei ikkje den tryggleiken dei søkte. Det gjekk kanskje melding til Kong Herodis om at det var kome ein familie frå Betlehem med ein gutebaby. Så måtte dei på røming at sør mot Babylon. Namnet på ein del av gamle Kairo er framleis Babylon. Då dei

hadde kome inn i byen fall det saman nokre gudestatuar, Den romerske leiaren i byen sette i gang etterforsking om kven som ville øydeleggja samfunnet sine verdier. Ein familie frå Betlehem med eit lite barn blei utpeka som skuldige og dei skulle takast "Dead or alive". Josef, Maria og Jesusbarnet berga livet i ei grotte. Over den grotta er det bygd ei kyrkje, Saint Sergius. Mange norske turistar har besøkt den kyrkja. No står grotta halvt under vatn grunna reguleringa av Nilen. Nær Babylon ligg det mange kyrkjer og kloster, dei viser til Peters fyrste brev 5.13:

"Kyrkjelyden i dette Babylon, den som er utvald saman med dykk, sender si helsing. Det same gjer Markus, son min."

Med hjelp kom familien seg nokre km sydover til Maadi. Der gjekk dei om bord i ein båt som tok



dei oppover Nilen. Båttypen Felucca er stort sett den same no som på Jesus sin tid. For turistar i Egypt er det ofte eit høgdepunkt å segle på Nilen i solnedgang

På staden dei segla i frå er det ei kyrkje med tropp ned til Nilen. Der fortel egyptarane at det skjedde eit under i juni 1976. Ein bibel kom flytande på Nilen oppslått på Jesaja 19.25:

Herren, Allhærs Gud, skal velsigna dei og seia: Velsigna vere Egypt, mitt folk,

Bibelen og dei merkelige fotografia av den er no utstilt i kyrkja i Maady, Jomfru Marias kyrkje.

No skal eg ikkje trøyte lesarane med å fortelje alt det som hende på reisa til Øvre Egypt, men det var dramatisk heile vegen. På enkelte deler av flyktningruta i Egypt ligg kyrkjene tett. Alle har dei "minne om Jesusbarnet" uten at det står noko om det i gamle skrifter. Dei seier at Den Heilage Familie må ha kome forbi her og kvilt. Ved Al Muhrraq omkring 30 mil sør for Kairo kunne dei endeleg slå seg til ro. Josef fekk arbeid som tømmermann og Maria blei vel motteken av kvinnene der. Slik som bilete av Albrecht Dürer frå år 1511 visar. Her kunne flukta ha enda og familien blitt ein del av framtida i det vesle samfunnet. Men det var bestemt annleis. Josef bygde eit alter ved Al Muhrraq og som profeten Jesaia skriv i 19.19:

"På den tid skal det vera eit altar for Herren midt i Egypt og ei steinstøtte ved grensa."

Seinare var det bygd ei kyrkje der og egyptarane rekna dette for fyrste kyrkja i landet. Ved å lese heile 19. kapittel av profeten Jesaia kan ein forstå kvar kyrkja i Egypt søker sin styrke.



Albrecht DÜRER

Life of the Virgin -- the REPOSE in EGYPT

Fameliene budde der heilt til draumen vi kan lese om i Bibelen. i Mat 2. 19-20:

Etter at Herodes var død, syntes Herrens engel seg i ein draum for Josef i Egypt og sa: «Stå opp, ta barnet og mora og far til Israelslandet! For no er dei borte, dei som ville ta livet av barnet.

Fameliene kunne reise heimat utan store vanskar. Men staden, Al Muhrraq der fameliene budde då Herrens engel kom med budskapet er av egyptare kalla "Det andre Betlehem." Fordi dei ser på staden der det hende det som Gud hadde sagt gjennom profeten Hosea 11.1:

Då Israel var ung, fekk eg han kjær, frå Egypt kalla eg son min.

I julehøgtida kjem det mange pilegrimar til staden. Dette har auka på i seinare år då det er blitt vanskelegare å kome til Betlehem. Etter kristne tradisjonar blei Jesus 3 år i Egypt. Muslimske tradisjonar seier 8 år og at Jesus byrjar på skule der. Muslimske egyptare set og stor pris på Jesus. Dette i likskap med dei fleste nordmenn. Må vegen bli kort for alle til der ein møter Jesus som Kristus.